



Arkivsaknr: 2025/3487-4
Sakshandsamar: Runar Bleie Bertheussen
Avdeling: Økonomi

SAKSFRAMLEGG

Økonomisk rapport 1.tertial 2025

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Eldreråd	
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek økonomirapport pr. 1. tertial 2025 til orientering.
2. Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til drift, sentrale poster og disposisjonsfond for 2025 slik det går fram av "Status drift for kommunen (§5-4 første ledd)" og "Status drift for tenesteområda (§5-4 andre ledd)".
Kommunestyret vedtek bevilgningsoversikt og endringar slik det framgår av "Status drift for kommunen (§5-4 første ledd)", "Status drift for tenesteområda (§5-4 andre ledd)" og "§5-5 Bevilgningsoversikt investering (2A)" i 1. tertialrapport.
Sum av endringsframlegga inneber at netto driftsresultat er redusert med 6,9 mill. kr, frå minus 56,0 mill. kr til minus 62,9 mill. kr.
3. Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til investering for 2025 slik det går fram av "§5-5 Bevilgningsoversikt investering (2A)" og "§5-5 Bevilgningsoversikt investeringar (2B) pr prosjekt".
I sum vert investeringsutgiftene redusert med 89,7 mill. kr frå 582,4 mill. kr til 492,7 mill. kr.
Endring i finansiering:
 - a. Bruk av lånemidlar vert redusert med 106,3 mill. kr.
 - b. Kompensasjon for meirverdiavgift vert redusert med 3,1 mill. kr.
 - c. Tilskot frå andre vert auka med 19,7 mill. kr.

4. Driftstilskot til kyrkjeleg fellesråd vert redusert med 800 000 kr som følge av ny tenesteytingsavtale knytt til kontorlokale til Kyrkjetorget på Frekhaug. Motpost er tilsvarande auka budsjett til eigedomsforvaltning for leige av lokala.
5. Finansrapport per 1. tertial 2025 vert tatt til orientering.

Politisk handsaming

Saka går som melding til eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Saksutgreiing:

Lenke til rapport:

<https://pub.framsikt.net/2025/alver/mr-202504-1t-2025>